



Rekneskapsrapport pr mai 2026

Saksbehandlar:
Ingrid Karin Kaalaas

Arkivsaksnr.:
25/24395

JournalpostID:
26/51249

Saksnr:	Utval: Bjørnafjorden formannskap	Dato:
----------------	--	--------------

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Formannskapet tar rekneskapsrapport pr mai 2026 til orientering.

Bjørnafjorden, den 01.06.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Prognose pr mai viser betring på nokre område og forverring på andre. Som meldt tidlegare vil ein del ytre omstende som t.d. inflasjon og lønsoppgjer påverke økonomien negativt i år ved at det blir høgare utgifter til løn og pensjon enn det som er sett av i budsjettet. Dette er postar som vil svinge litt frå år til år, og kommunen har midlar på fond til dette som blei satt av i periodar der utgiftene blei lågare enn budsjettet. Finans området ser bra ut, og skatteinntektene ligg an til å bli høgare enn budsjettet.

Økonomien i sektorane er generelt betre i år enn på denne tida tidlegare år. Det blir jobba godt med dei ulike del-prosjekta som ligg under Heilskapleg bustad- og innsats trapp. Den store økonomiske utfordringa ligg på pleie- og omsorgstenestene. Vi voner å få økonomisk effekt av dimensjonerings-prosjekta utover hausten, men samtidig må kommunen sikre fagleg forsvarlege tenester.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi:

Saka gir styringsinformasjon om den økonomiske situasjonen i kommunen.

Klima:

Saka har ikkje konsekvensar for klima eller miljø.

Folkehelse:

Saka har ikkje konsekvensar for folkehelsa.

Saksutgreiing:

OM RAPPORTEN

Forbruksprosenten er rekna ut frå rekneskap i % av årsbudsjettet. «Normal» forbruksprosent pr mai for løn-intensive einingar er ca. 46%. Kolonnen Prognose årsavvik er vårt beste estimat på noverande tidspunkt om forventa meir-/eller mindreforbruk i forhold til budsjett ved årsslutt. Minus i prognose-kolonnen betyr meirforbruk eller mindre inntekter («underskot»), positive tal betyr mindreforbruk eller meirinntekter («overskot»).

FRIE INNTEKTER

Årsprognose: Frie inntekter ser ut til å få ei meir-inntekt på 11,3 mill. kr i 2026.

Frie inntekter omfattar rammetilskot frå staten, skatteinntekter og andre generelle driftsinntekter.

Rammetilskotet og skatteinntektene for Bjørnafjorden kommune er budsjettet i tråd med vedtatt statsbudsjett for 2026. Frå 2026 er ordninga for innbetaling av forskotstrekk endra. Ordninga med skattetrekkkonto er avvikla og arbeidsgivarar skal i staden betale inn forskotstrekk til Skatteetaten fortløpande etter lønsutbetaling. Dette inneber at skatteveksten ikkje vil følgje den same "rytmen" gjennom året som tidlegare. For Bjørnafjorden er skatteveksten pr mai på 13,6%. For kommunane samla er skatteveksten

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

9,6%. I framlegg til revidert nasjonalbudsjett for 2026 er skatteoverslaget for kommunane er justert opp. Kommunane sin del av dette er venta å utgjere om lag 2,5 mrd. kr. For Bjørnafjorden kommune kan dette gje ei meirinntekt på om lag 11,3 mill. kr i 2026.

Andre generelle inntekter består av inntekter frå havbruksfondet, integreringstilskot for flyktingar og rentekompensasjon frå Husbanken. Det er budsjettert med 20 mill. kr i inntekt frå Havbruksfondet. Utbetaling er venta i oktober. Rentekompensasjon frå Husbanken er budsjettert med 3,5 mill. kr og kjem i slutten av desember. Integreringstilskot for flyktingar er budsjettert med 51,7 mill. kr og blir utbetalt pr kvartal. Utbetalinga for 1. kvartal 2026 var lågare enn 1/4 av budsjettert, men vi reknar med at dette er fordi det var busett få nye flyktingar pr 1. kvartal 2026.

FINANS

Årsprognose: Finans vil truleg gå i balanse i 2026.

Rentenivået ligg pr no høgare enn det som blei lagt til grunn i budsjettet. Det inneber at det i år vil bli høgare renteutgifter enn budsjettert. Det er i 1. tertialrapport foreslått å auke budsjettet for renteutgifter med 3 mill. kr med auka renteinntekter som finansiering. Avkastninga på den langsiktige finansporteføljene har gått litt opp og ned i år, men er pr mai er porteføljene positiv med 5 mill. kr etter eit par sterke månader. Dette beløpet er ikkje lagt inn i tal-prognosen, og kunne såleis endra prognosen dersom det var lagt inn. Det er avkastninga pr 31.12 som vil bli ståande i rekneskapen for 2026.

Administrasjonen har gått gjennom balansen for å vurdere avskrivningstida på anlegga som følgje av endringa i budsjett- og rekneskapsforskrifta og sjølvkostforskrifta. Lengre avskrivningstid gir lågare årlege avskrivningar og reduserte årlege minimumsavdrag. Det er tatt omsyn til desse forholda i budsjettet, men basert på overslag. Det viser seg etter gjennomgangen at overslaga var ganske treffsikre, og det ser ikkje ut til at det vil vere nødvendig å endre budsjettet for avdrag i år. Vi må gjere ei endring i budsjettet for avskrivningar, men dette vil ikkje ha resultatteffekt då budsjettet for motpost avskrivningar (inntekt) vil bli auka tilsvarende. Vi vil kome tilbake til dette i 2. tertialrapport 2026.

FELLESOMRÅDE

Årsprognose: Fellesutgifter vil kunne få ei meirutgift på 23,5 mill. kr i 2026.

Fellesområde omfattar utgifter til Folkevalde organ, Fellesutgifter og Pensjon.

Folkevalde organ ser ut til å gå i balanse.

Det er sett av 42 mill. kr til årets lønsoppgjer i 2026. Lite overheng frå 2025 til 2026 gjer at årets lønsoppgjer vil slå hardare inn i rekneskapen for i år. Eit førebels overslag viser at meirutgifta kan bli ca. 11,5 mill. kr i 2026.

Løns- og prisveksten for 2026 er blitt høgare enn det pensjonsleverandørane la til grunn (SSB sine dåverande prognosar) ved berekning av pensjonspremie for 2026. Både løpande og framtidige pensjonsrettar i offentleg tenestepensjon skal justerast slik at dei følgjer løns- og prisvekst. Når løns- og prisveksten aukar, vil derfor reguleringspremien og måtte endrast. Kommunen har pr no ikkje mottatt oppdaterte overslag frå pensjonsleverandørane men det er grunn til å frykte at auken blir vesentleg. Eit grovt overslag kan tyde på minst 12 mill. kr, men beløpet er usikkert.

Kommunen har sett av midlar på lønsreguleringsfond som eventuelt kan nyttast til å dekke meirutgiftene.

Det er budsjettert med 65,6 mill. kr i bruk av premiefond i år. Også 2025 var eit godt år for pensjonsleverandørane ettersom det var god avkastning i finansmarknadene. Dette gjer at kommunen vil få tilført meir inn på premiefondet i 2026 enn det som er budsjettert brukt i år.

STAB

Årsprognose: Stab vil kunne få meirforbruk på ca. 1 mill. kr i 2026.

Kommunen har fått melding om ein kraftig auke i prisane på Microsoft Office lisensar. I 2023 gjekk kommunen inn i ein avtale som låste prisane i tre år. I denne perioden har Microsoft satt opp prisen fleire gonger for kundar utan slik avtale. Microsoft har og fjerna ei rabattordning for kommunesektoren (15-20% rabatt). No går fastprisavtalen vår ut, justert priskalkyle viser ein meirutgift på ca. 1,9 mill. kr.

Det er framleis permisjonar og sjukdom i Stab som vil resultere i mindreforbruk på løn. Dette vil kunne dekke noko av den varsla prisauken, men neppe alt. Vi må kome tilbake til beløp vedr meirforbruket i tertialrapporten når vi veit litt meir om korleis sjukdomsforløp m.v. utviklar seg.

OPPVEKST

Årsprognose: Oppvekst ser ut til å gå i balanse i 2026.

Oppvekst melder samla sett økonomisk balanse, men med fleire forhold som krev tett oppfølging vidare i året.

Skule

Skuleområdet melder samla sett balanse, men dei økonomiske rammene er stramme. Nokre skular gjekk inn i 2026 med for høgt driftsnivå, og det påverkar drifta utover våren. Det blir no arbeidd systematisk for å få ned driftsnivået frå nytt skuleår. Årsakene er mellom anna uheldige klassesdelingstal, elevar med store hjelpebehov og tiltak knytte til oppfølging av elevar.

Det er venta færre elevar frå neste skuleår. Vi kjem tilbake til kva dette betyr for kvar skule i 2. tertial. Fleire skular ser også ut til å få uheldige klassesdelingstal neste år. Det blir arbeidd med omstilling og tilpassing av årsverk fram mot nytt skuleår.

Sjukefråværstala har gått ned fleire stader, men enkelte einingar meldar om at høgt fråvæ er ei av årsakene til utfordrande økonomi.

Prognosen er prega av fleire usikkerheits-moment, mellom anna:

- Noko høgt driftsnivå i enkelte skular (knytt til sjukefråvæ, utfordringar i elevgruppa)
- Endringar i elevgruppa med store hjelpebehov
- Vekst i tal elevar som treng tettare oppfølging, og usikkerheit knytt til auka behov i elevgruppa samla.
- Elevantal for komande skuleår og ugunstige klassesdelingstal

Barnehage

Barnehageområdet melder samla sett om balanse. Forbruksprosent ligg noko høgt, men det skuldast at vi har betalt ut tilskot til private barnehagar for 6 månader. Samstundes viser prognosen eit samansett bilete, med både mindreforbruk og utgiftsvekst på ulike delområde.

Fleire av dei kommunale barnehagane har hatt vakante stillingar og utfordringar med å få tak i vikar, noko som gjer at vi har eit varsla mindreforbruk. Det er no gjort fleire tilsetjingar, noko som betrar situasjonen i barnehagane.

Opptaket til barnehageåret 2026/2027 er ein usikker faktor i prognosen. Samla sett er det noko vekst i talet på barn i dei kommunale barnehagane, medan nokre barnehagar har færre barn. Dette kan føre til behov for å tilpasse bemanninga framover. Det står framleis barn på venteliste, og tala kan endre seg både i kommunale og private barnehagar.

Prognosen knytt til kommunalt driftstilskot til private barnehagar kjem vi tilbake til i 2.tertial når vi har tal barn i barnehage ved oppstart i august.

Samanlikna med 2025 er det ein liten vekst i utgifter knytt til tilrettelegging etter § 37 i barnehagelova. Fagsenteret har ikkje tilstrekkelege ressursar til å utføre all spesialpedagogisk hjelp i barnehagane, og det har difor vore naudsynt å inngå avtalar med nokre barnehagar for å sikre at alle barn får den oppfølginga og tilrettelegginga dei har krav på. Barnehagane blir kompenserte for reelle lønskostnader.

Prognosen er prega av fleire usikkerheits-moment, mellom anna:

- vidare utvikling i vedtak om tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp
- tal på gjestebarn til og frå andre kommunar og endeleg avrekning av desse
- barnehageopptaket for barnehageåret 2026/2027.

Familiens hus

Einingane i Familiens hus driftar innanfor den økonomiske ramma.

Barnevernstenesta melder balanse. Talet på institusjonsplassar er uendra sidan april. Seks barn er på institusjon, men kommunen betaler for sju plassar fordi eitt barn har ei diagnose som gir dobbel betaling. Det er no fleire barn i MST-tiltak, og det kan føre til behov for institusjonsplassering. Samstundes er det stor mangel på fosterheimar og spesialiserte fosterheimar, noko som kan føre til kjøp av kostbare institusjonsplassar.

Det er som tidlegare rapportert ei auke i utgifter til fosterforeldre pga. endringa i pensjon frå 2026.

Førebyggjande helseteneste driftar i balanse. Lønsbudsjettet ligg noko høgt, men dette skuldast uteståande sjukelønsrefusjon.

Driftsbudsjettet: Nokre større postar er betalt for første halvt år, blant anna programvarelisens for fagprogrammet Visma HS Pro. Utgifter knytt til tolkeutgifter, transport, kontormateriell, telefonutstyr og kurs/opplæring ligg noko høgare enn budsjettet.

Refusjon knytt til kjøp av helsesjukepleiar-ressurs i vidaregåande skule er fakturert for vår 2026.

Vi har mottatt refusjonar for jordmortakst t.o.m. april, her ser det ut som om inntekter blir litt høgare enn budsjettet.

Tilskot frå Helsedirektoratet for å styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta er frå 2026 gått inn i ei felles, tverr-sektoriell tilskotsordning for førebyggjande tiltak for barn og unge.

FHT har budsjettet med 2,55 mill. i tilskot som er på same nivå som vi har motteke i 2025 (jfr. budsjett og tertialrapportering). Vi har søkt om tilskot for 2026 og har fått tildelt totalt 2 466 339 kr. Vi kjem tilbake til korleis desse midlane vert nytte i 2 tertial.

Eining for barn, unge og familiar melder balanse. Utekontakten er frå 2026 finansiert over kommunen sitt eige budsjett, men det manglar 700 000 kroner for å halde oppe dagens ressursnivå. Dette er løyst gjennom omprioriteringar i Familiens hus i år. Vi har også fått 500 000 kroner i eksterne midlar til fagleiar for oppsøkjande team («Raudt team») i 2026.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Det er rekruttert til dei fire stillingane i teamet, men oppstart blir 01.10.26, noko som er seinare enn planlagt.

Usikkerheits-moment i prognosen:

- Tal institusjonsplasseringar i barnevernet.

Oppsummering tiltak:

Innsatstrappa er eit sentralt utviklingsarbeid for å sjå tenestene i samanheng og løyse oppgåvene på lågast mogleg nivå. Alle tenestene i oppvekst deltek i dette arbeidet. Målet er betre ressursbruk og meir berekraftige tenester over tid, men arbeidet krev tid og kapasitet å gjennomføre.

For å sikre økonomisk balanse i heile oppvekstområdet gjennomfører vi desse tiltaka:

- Vi har tett dialog med einingsleiarane for å ha god kontroll på drifta og følgje opp budsjett og kostnader løpande.
- Vi gjennomfører stillingskontroll og behovsvurdering før vi lyser ut stillingar.
- Vi følgjer opp sjukefråvær i einingane for å redusere kostnader og sikre stabil drift.
- Vi søkjer om fritak frå arbeidsgjevarperioden for tilsette med kronisk sjukdom når vilkåra er oppfylte.
- Vi arbeider systematisk for å få inn refusjonar ved sjukefråvær.
- Vi avgrensar innkjøp til nødvendig utstyr og nødvendige behov.
- Vi gjennomfører omstillingsprosessar der det er nødvendig for å tilpasse drifta til rammene.
- Vi brukar arbeidsmiljøgruppene aktivt for å støtte endringar som kan gi meir effektiv drift og lågare fråvær.

På skuleområdet gjennomfører vi i tillegg desse tiltaka:

- Vi arbeider med tiltak for å redusere skulefråvær gjennom Innsatstrappa, slik at elevane får hjelp tidlegare og behovet for meir omfattande tiltak kan bli mindre.
- Vi går konkret gjennom økonomien med kvar skule som har høgare forbruk enn budsjettet.
- Når elevar har samansette og omfattande behov, går skuleeigar, skuleleiing og fagtenester grundig gjennom behova. Vi arbeider både på systemnivå og individnivå for å finne løysingar som gir god hjelp og samstundes er økonomisk berekraftige.
- Vi går gjennom organisering og bruk av personalressursar for å hindre overforbruk.

I Familiens hus gjennomfører vi i tillegg desse tiltaka:

- Vi utviklar gruppetilbod som kan nå fleire barn og familiar, utan at tiltaka krev for mykje ressursar.
- Vi arbeider for å unngå institusjonsplasseringar ved å bruke MST og eigne kommunale tiltak for ungdom.
- Vi etablerer eit fleksibelt oppfølgingsteam, «Raudt team», som del av Innsatstrappa. Målet er å gi tidleg og målretta hjelp og redusere behovet for meir omfattande tiltak.

På barnehageområdet gjennomfører vi i tillegg desse tiltaka:

- Vi arbeider med Tidleg innsats 0–6 år i Innsatstrappa for å setje inn hjelp tidleg og førebyggje større behov seinare.

- Vi held fram arbeidet med å vurdere vedtak etter §37 saman med vedtak etter §31, slik at kvart barn får eit meir heilskapleg og målretta tilbod.
- Vi sikrar at ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon) blir nytta i alle barnehagar, slik at barna får betre støtte innanfor ordinære rammer.

HELSE OG VELFERD

Årsprognose: Helse og velferd kan få eit meirforbruk på ca. 8,7 mill. kr i 2026.

Buffer på kr 15 mil som vedteke i budsjett for 2026 ligger på fellesområdet og er ikkje nytta til å dekke meirforbruk i einingane, men gir utslag på prognosen.

Refusjonsbeløpet for Ressurskrevjande tenester i 2025 har vist seg å bli noko høgare enn det som vart satt av i rekneskapen for 2025. Denne differansen viser som ei meirinntekt på 9 millionar i årets rekneskap.

På den negative sida er døgnmulktar frå spesialisthelsetenesta. Her er det pr. mai ført 1,2 mill. kr, og om dette ikkje endrar seg kan det bli opptil 3 millionar i meirforbruk på denne posten. Dette er ei urovekkande utvikling som gjelder fleire kommunar i Bergensregionen. Gjennom prosjektet dimensjonering institusjon jobbar ein med å sjå på korleis ein kan bygge opp eit tilbod for å kunne ta imot pasientar til eit vurderingsopphald når pasientar er meldte utskrivingsklare. Dette med mål om å sikre rett teneste til rett pasient, samt å få ned kostnadene på døgnmulktar.

Dei siste åra har vi også sett at kostnader til programvare-lisensar, samarbeidsavtaler (med andre kommunar) har auka monaleg. Her er det fare for meirforbruk på opptil 2 mill.

BPA er fortsatt uklart og avhenger av endringar i vedtak. Så langt er vi ikkje kjent med at denne posten gir meir- eller mindreforbruk.

Ein er godt igang med arbeidet kring innsats og bustad trappa og dei underliggende delprosjekta. Pr mai mnd er drifta ved dei ulike einingane på same nivå som dei var i 2025. Ein har ein forventning om å sjå effekt av dei ulike tiltaka i prosjekta gjennom året.

Luranetunet bu og behandlingssenter ligger an til eit meirforbruk på 16 mil. Gjennom prosjektet dimensjonering av institusjon og reduksjon av sengeplassar forventar ein effekt i løpet av året. Målet er at ein skal halde 30 sengeplassar ledige på dei to institusjonane for å sikre endringskapasitet og redusere kostnader jf. kommunestyrevedtak 30.10.25. Plan for reduksjon har vært jobba med over tid og ein har eit mål om at ein i løpet av hausten skal oppnå målet.

Prognose viser no ein positiv effekt ved Fusa bu og behandlingssenter, der ein har hatt reduksjon på drifta gjennom store delar av 2025. Ein forventar og sjå same effekten gjennom året med redusert drift også ved Luranetunet bu og behandlingssenter.

Det er knytt noko usikkerheit til dette tiltaket, da ein skal sikre fagleg forsvarlege tenester og dermed måtte ville gje vedtak om institusjonsplass for dei som trenger det. Prosjektet heng tett saman med prosjektet dimensjonering av heimetenester. Ei teneste vi allereie no ser det er ei auke i vedtak og brukarar. Heimetenesta i Os ligger an til eit høgt meirforbruk i 2026. Det jobbast med å få på plass eit faktabasert analysegrunnlag så ein kan følge utviklinga i denne delen av tenesta.

Tilrettelagte tenester melder balanse til tross for ei stor auke i behov av avlastingsopphald. Prognose er basert på dagens drift, men om det skulle kome nye tenestemottakarar til tenestene vil dette kunne endre bilete.

Nav melder om eit forventa meirforbruk kring auke i utgifter til livsopphald. Dette er ei samanheng med kostnadsveksten ein ser i bustadmarknaden og høge husleigeprisar.

Fleire av einingane melder om eit høgt sjukefråvær noko som og påverkar prognosebiletet.

Det er ein del usikkerheit sett opp mot ferieavvikling i turnustenenestene. Rammeavtale for ekstra helgearbeid og bonusordning som blei innført i 2025 er evaluert og justert for inneverande år. I ny avtale ligger det ei forutsetning om at samtlige einingar praktiserer tredelt ferie. Dette med mål om sikre fagleg forsvarlege tenester, holde oppe kvalitet og kontinuitet samstundes som ein nyttar den kompetanse som allereie finnes i avdelinga. Ein vil i løpet av hausten ha eit klarare bilete på om ferieavviklinga vil ha innverknad på prognosebiletet.

Avdeling forvaltning og bustad:

Til tross for utfordringar kring auke i tenestemottakarar og auke i lisenskostander så ser det ut som om eininga skal gå i balanse. Ein ser ei kontinuerleg auke i behov av dagsentertilbod til demente. Dette må sjåast i samanheng med den demografiske utviklinga og det vil vere behov for å styrke dagsentertilbodet framover.

Legevakt og legetenester:

Til tross for utfordringar kring drifta ved Osøyro legesenter og ser det ut som om eininga samla sett får eit mindreforbruk på 1,3 mill. Det vart i budsjett for 2025 avsett 1,3 mil til å dekke opp for eventuelle meirkostnader i samband med avsetting av sjukeheimslege. Det blei ikkje nødvendig og midlane vil difor være unytta i 2026.

Osøyro legesenter har gjennom 2025 arbeidd systematisk med å normalisere og tilpasse drifta ved legekantoret. Per i dag er det tre faste fastlegar ved kantoret. I tillegg er det knytt til ein fjerde lege for å styrke robustheita i drifta, då det ikkje vert vurdert som forsvarleg å drive legekantoret med berre tre legar over tid.

Pasientgrunnlaget ved kantoret er per no for lågt til å kunne drifte legekantoret som næringsdrift. Det vil ta tid å byggje opp pasientlister, rutinar og organisering slik at kantoret får eit berekraftig grunnlag for økonomisk forsvarleg drift som privat legekantor.

Ein tilrår difor at Osøyro legesenter held fram i kommunal drift fram til kantoret har eit tilstrekkeleg pasientgrunnlag og organisatorisk fundament til å kunne drivast som næringsdrift. Ei vidare kommunal drift vil innebere auka kostnader for kommunen. Legetenesta vil arbeide for å dekkje underskotet ved Osøyro legesenter på 2.000.000,- innanfor eiga ramme i 2026. Frå og med 2027 må det likevel reknast med at det vert behov for å budsjettere med auka kostnader knytte til drifta av legekantoret. Kostnaden i 2027 vil vere på omlag 7 mill. og er ikkje budsjettert.

Nav:

Eininga melder eit forventa meirforbruk på kr 3 mill. Dette knytt til auke i utgifter til kvalifiseringsordninga og sosialhjelp. Delar av dette er knytt til flyktningar kommunen har motteke dei siste åra. Samtidig ser vi ein reduksjon i bruken av introduksjonsordninga (Familiens hus, Oppvekst), og vi vil vurdere om det kan overførast budsjettmidlar frå denne ordninga til NAV.

Tilrettelagte tenester:

Eininga ser ut til å gå i balanse til tross for auke i vedtak kring avlastingstilbod til born og unge. Ved ei ytterlegare vekst vil dette biletet kunne endre seg.

Psykisk helse og rustenester:

Eininga ser ut til å gå i balanse til tross for auka leasingkostnader og brukarvekst innan dei ambulante tenestene.

Luranetunet bu og behandlingssenter:

Eininga ligg an til eit meirforbruk på kr 16 mill. Det er auke i brukarbehov og komplekse sjukdomsbilete, noko som førar til at eininga ikkje klarar å levera fagleg forsvarlege tenester med planlagt bemanning. Nokre avdelingar rapporterer dessutan om eit høgt sjukefråvær. Venta meirforbruk stammar frå lønsutgifter til egne tilsette (ca. kr 12 mill. i 2026) og bruk av helsevikarbyrå pga. manglande rekruttering av fagpersonell (ca. kr 4 mill.).

Gjennom prosjekt "dimensjonering institusjon" blir det planlagt for redusert drift med 25 plassar og nokre plassar er allereie tekne ut av bruk. Per mai mnd er ledige senger spreidd på ulike avdelingar, slik at grunnbemanninga ikkje er endra. Venteleg vil dette gje ein reduksjon til hausten.

Heimetenester Os:

Eininga ligg an til eit meirforbruk på kr 11 mil. Dette er ei forverring frå 1 tertial . Ein må sjå dette i samanheng med auke i tal brukarar, noko som har ført til høge variable lønnskostnader. Talet på vedtakstimar har auka og eininga brukar i snitt fem personar meir kvar dag for å klara å gje helsehjelp til alle som har vedtak om det. Med færre institusjonsplassar i bruk bur ein større del av dei hjelpetrengjande heime. Behova i heimetenestene aukar. Mange av dei som bur heime er også sjukare enn før, og treng høgspesialisert kompetanse.

Fusa bu og behandlingssenter og heimetenester:

Til tross for utfordringar med rekruttering og fortsatt behov for innleie i heimetenestene ser det ut som om eininga får eit mindreforbruk på kr 1 mill. Dette visar effekt av at eininga har hatt redusert drift gjennom store delar av 2025. Ei viktig forutsetning for at denne prognosen helder seg er at ein klarar å rekruttere til vakante stillingar og at ein på sikt kan avvikle innleie frå bemanningsbyrå.

Oppsummering tiltak :

Felles tiltak :

- Stillingskontroll kvar veke for gjennomgang og drøfting av alle ledige stillingar.
- Månadlege økonomimøter med einingsleiar og økonomirådgjevar.
- Oppfølging av tiltak i delprosjekta gjennom prosjekteigar og styringsgruppa
- Fokus på nærværs arbeid og sjukemeldingsoppfølging.

I alle delprosjekta jobbast det med gevinstarbeid med mål om å identifisere gevinstar og sikre gevinstrealisering.

For å følge utviklinga og trenden innan heimetenestene jobbast det med å få på plass eit faktagrunnlag som kan danne grunnlag for analyser der ein kan følge utviklinga.

Tiltak Legevakst og legetenester

Eininga jobbar kontinuerleg med tiltak for å få Osøyro legesenter robust nok til å gå over i næringsdrift. Kommunen og legane samarbeider om å utvikla kontoret vidare, med mål om næringsdrift så snart det er forsvarleg. Når dette kan skje er per i dag vanskeleg å fastsetja, men tiltak for å nå måla er sette i verk:

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

- Fastlege som er spesialist i allmenntidmedisin skal opp mot 900 pasientar på lista
- Fastlege i ALIS-løp skal ha om lag 800 pasientar på lista
- Den fjerde fastlegeheimelen skal vera fast besett

Kommunedirektøren må koma tilbake ved budsjettbehandlinga for 2027 med tiltak for å sikra ei robust drift ved Osøyro legesenter.

Tiltak Nav

Nav held ei stilling vakant for å redusera kostnadene, og dette er allereie ein føresetnad i prognosen. Budsjettet reflekterer ikkje dei reelle kostnadene knytt til kvalifiseringsprogrammet, som er ei lovpålagt teneste og eit viktig tiltak for å fremja arbeidsdeltaking og økonomisk sjølvstende.

Tiltak Tilrettelagte tenester

For å sikra balanse er det stort fokus på å bruka vikarar berre der det er heilt nødvendig. Alle avdelingar jobbar med sjukefråvær, nærværs arbeid og tilretteleggingslister for å auka nærværet.

Eininga må ha størst fokus på rekruttering i tida som kjem, m.a. gjennom ulike løysingar for å "utdanna eigne folk", som t.d. fagbrev på jobben og menn i helse.

Tiltak Psykisk helse og rus

Eininga arbeider med tiltak for å redusera overtidsbruk og sikra budsjettbalanse. Dette omfattar tett oppfølging av kostnadsutviklinga, vurdering av innkjøp og bemanning, og løpande rapportering. Det er utarbeidd nye turnusar i dei tre døgnavdelingane, som vil få verknad frå andre tertial.

Tiltak Luranetunet (LBBS)

LBBS arbeider kontinuerleg med reduksjon av institusjonsplassar. Gradvis reduksjon er ein hårfin balansegang, då det er mange med vedtak om langtidsopphald som legg beslag på korttidssenger. Det er også pågang frå sjukehusa om å ta imot utskrivingsklare pasientar. Samtidig har det vore fleire tilfelle av heimebuande personar med demenssjukdom som er komne direkte inn på langtidsplass for å kunna vareta tilbod om forsvarleg helsehjelp. Den økonomiske gevinsten av reduksjon av plassar hittil viser att som redusert meirforbruk på ekstrahjelp og overtid. Framover kan eininga ta ned normert bemanning på vakter. Gjennom prosjekt dimensjonering institusjon blir det også jobba med andre tiltak, som t.d. oppgåvedeling og effekt av digitale tilsyn (Room Mate) på natt. Det er månadlege samtaler med avdelingsleiarar med fokus på økonomi og sjukefråværsoppfølging. Fem avdelingar er med i pilot "nærværs arbeid".

Tiltak Heimetenester Os

Gjennom prosjekt dimensjonering heimetenester blir det arbeidd med heilskapen i tenesta. Prosjektet er i ein fase der det no blir arbeidd med organiseringsmodell for éi heimeteneste i Bjørnafjorden. Gjennom prosjekt dimensjonering institusjon jobbar ein med ulike tiltak for å auka ansikt-til-ansiktstid, digital heimeteneste og andre tiltak for å effektivisera drifta.

Tiltak Fusa bu- og behandlingssenter (FBBS) og Heimetenester Eikelandsosen

Det er sett i verk fleire tiltak for å sikra god økonomistyring:

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

- Jamleg gjennomgang av økonomi på avdelingsnivå, med tett oppfølging av forbruk.
- Auka merksemd på å ta ned bruken av overtid.
- Planlegging for periodar med redusert bemanning der dette er fagleg forsvarleg, for å avgrensa innleige frå vikarbyrå.
- Tydeleg plan for avvikling av bruk av vikarbyrå etter sommaren (under føresetnad av rekruttering).
- Aktivt arbeid med rekruttering av faste tilsette, særleg i heimetenesta.
- Samarbeid med NAV arbeidslivssenter for å få ned sjukefråværet
- Bruk av tredelt sommarferie og ferie i puljar for å sikra forsvarleg drift med minst mogleg ekstra innleige frå vikarbyrå.

Tiltaka har ført til betre kostnadskontroll, men vidare økonomisk effekt er avhengig av stabil bemanning og at planlagd drift kan gjennomførast.

SAMFUNNSUTVIKLING

Årsprognose: Samfunnsutvikling ser ut til å gå i balanse i 2026.

Prosjekteininga

Prosjekteininga har eit svært lågt driftsbudsjett, så mindre endringar gjer store utslag. Driftsbudsjettet er heller ikkje revidert mhp personell som er flytta frå Samferdsle & VA eininga.

Noko lønnsutgifter er med på rapporten. Det er ikkje budsjettert med lønn på grunn av dei vert fordelt på prosjekta, fakturert eksternt for eller må dekkast av andre einingar medarbeidarar har utført arbeid for.

Plan og Byggesak

Plan

Ein forventar at lønnskostnadene vil ende om lag på budsjett med den bemanninga ein har pr. mai.

På driftsutgifter har ein vanlegvis lite utgifter, men har i år ein stor budsjettpost knytt til konsulentutgifter opp mot arbeid med Kommuneplan (eiga løyving for budsjettåret 2026). Det er gjennomført anbuds konkurranse og ein legg no til grunn at alle desse midlane vil bli brukt. Bekymringa for eininga er inntektene på sjølvkostområdet for private reguleringsplanar. Her må ein ha inntekter på om lag 5,3 millionar for at ein skal oppnå balanse. I fjor var inntektene 3,9 millionar og det er høgst usikkert om nivået vil auke i 2026. Som følg av dette er det lagt inn eit forventa årsavvik på 0,4 million pr. mai, men det må presiserast at dette er eit veldig usikkert estimat.

Byggesak

Det har vore fortsett høg aktivitet på byggjesaker i starten av 2026, og avdelinga ligg godt an til å nå budsjetterte inntekter. Ein har derfor god tru på å unngå meirforbruk i 2026. Dette sjølvkostområdet har dessutan eit sjølvkostfond som kan dekke noko av eit eventuelt meirforbruk. Eininga melder dermed balanse pr. mai.

Kart og Oppmåling

Vi har ei stilling ute i foreldrepermisjon og denne er ikkje erstatta. Dermed sparer vi lønnskostnader i 2026.

På inntektssida reknar vi med å få om lag 200.000 meir inntekter på kartsal.

Det som skaper mest usikkerheit, er inntekter frå sjølvkostområdet. Her er ein heilt avhengig av kva oppdrag som kjem inn. Pr. mai er inntektene over nivå for fjoråret, som då enda på 4,1 mill. Budsjettet er 5,2 millionar, men sjølv om det er betring i forhold til 1. kvartal i fjor er

det normalt variasjonar gjennom året, slik at det kan bli vanskeleg å nå budsjettet. Justerer ein mindreforbruk på løn, og meir frå kortsal, ser ein likevel ut til å være i balanse.

Landbrukskontoret

Økonomital for perioden blir påverka av at vi berre får utbetaling frå samarbeidskommunane to gonger i året. Det gjev eit skeivt bilete i periodar mellom innbetalingane. Vi har ikkje sett i verk endringar i drift eller tiltak ut over det som allereie ligg i budsjettet. Prognosen for året er i tråd med revidert budsjett.

Aktiviteten har vore høg, men dette er handtert innan eksisterande ressursar. Det er likevel sårbarheit knytt til bemanning, då fråvær innan enkelte fagområde raskt gir konsekvensar for framdrift og kapasitet. Dette vert følgt opp gjennom prioritering av oppgåver og tett styring.

Kultureininga

Prognose om meirforbruk på 2 mill. kroner er knytt til støttekontaktenesta og er den same som førre månad. I 2025 var det eit meirforbruk på om lag 2,25 millionar. Det er same nivå for meirforbruk/ manglande finansiering som har vore tilbake til 2023, då budsjettansvaret vart overført frå Helse/ velferd til Samfunnsutvikling. Talet på brukarar og vedtak er på same nivå med same dekningsgrad i 2026 som i 2025, og meirforbruket vil også vera der med årsverknad i 2026.

Vi har fått ein uføresett kostnad på IT-utsyr på bibliotek for å vidare meir-ope tilbod 193.517 kroner.

Brann

For 2026 står tenesta i stor grad overfor dei same utfordringane som i 2025. Samstundes ligg det inne eit uspesifisert nedtrekk på 2 mill. kroner. Sjølv om det i 2025 vart gjennomført eit nedtrekk på 1 mill. kroner, blei det likevel meirforbruk og nedtrekket vart ikkje realisert. Ut frå dette ser det ut til at tenesta også i 2026 vil få eit meirforbruk. Det er planlagt ei politisk sak til hausten.

Så langt er det estimert eit meirforbruk på om lag 2,5 mill. kroner i 2026. Meirforbruket er i hovudsak knytt til det uspesifiserte nedtrekket på 2 mill. kroner. Dei resterande kostnadene er i hovudsak knytte til auka utgifter til vedlikehald av bilparken, estimert til om lag 200 000 kroner, kostnader til lovpålagd opplæring på om lag 100 000 kroner, og ekstra lønskostnader på om lag 200 000 kroner. Dei ekstra lønskostnadene kjem av behov for å dekke vakter som oppstår som følgje av krav til kviletidsføresegner.

Eigedom Drift

Ein ligg an til å spare litt på lønn grunna sjukelønsrefusjonar. Estimert til om lag 1 million. Det store problemet er knytt til dei høge straumprisane vi har sett gjennom vinteren. Dersom dette nivået varer ut året risikerer vi å bruke om lag 3,5 millionar meir på straum enn budsjettet.

Øvrige driftskostnader er forventa å være på nivå med budsjettet, dvs. slikt som reinhald, kommunale avgifter, forsikring, vedlikehald etc.

Med eksisterande husleigeavtalar vil ein forvente at budsjettet vil bli nådd. Men det må nemnast at saka om gjengs leige vil kunne gi meirinntekter ut over budsjett når desse endringane trer i kraft. Her forventar ein meirinntekter på 1,5 millionar i 2026. Dei nye leigeinntektene trer først i kraft frå august 26.

Samferdsle

Lønnskostnadene er i tråd med budsjettet og eininga venter ikkje avvik på lønn. Ein forventar også at inntektene frå parkering, båthamn etc. vil være om lag som budsjettert. Ordinære driftskostnader er også i rute til å nå budsjettert nivå, men med dagens nivå på straumprisar er det fare for at ein kan gå over budsjettet på straum. Dersom dagens prisar på straum varer ut året kan meirforbruket bli om lag 300.000. Ein trur likevel at ein skal kunne dekke dette inn frå andre budsjettpostar.

Det som skaper usikkerheit for eininga er kostnader til snøbrøyting og her er det brukt 9 millionar av det samla årsbudsjettet på 10,5 millionar. Det gjenstår dermed noko, men ein veit ikkje pr. april om dette er tilstrekkeleg til å dekke november/desember.

Pr. mai melder eininga såleis balanse, med den usikkerheit som ligg på vinterdrift i november og desember.

Vatn og Avløp

Samla sett ser eininga ut til å få eit meirforbruk på om lag 4,1 millionar. Ingen av sjølvkostområda har sjølvkostfond, slik at dette vil bli lagt til det eksisterande framførbare underskotet.

Inntektene pr. mai er gode og her forventar ein om lag 5,9 millionar meir enn budsjett. Det meste av dette knyter seg til tilkoplingsgebyr, men også inntekter frå årsgebyr ser ut til å bli noko meir enn budsjettert. Kor mykje meir det blir for heile året er usikkert og avhenger av inntektene frå tilkoplingsgebyr, som kan variere mykje gjennom året.

Ordinære driftsutgifter ser ut til å være i rute til å nå budsjett, men med ein forskyving slik at Avløp har noko meir kostnader enn budsjettert og Vatn litt mindre. For Vatn er det gledeleg at det har vært få vassleidningsbrot så langt i år og dette kan gi ein buffer til å takle eventuelle ekstrakostnader gjennom året.

Når det gjeld sjølvkostområdet for privat slamtømming så er det usikkerheit knytt til kjøp av slamtømmingstenester. Tenesta var på anbod i 2025 og det er reell fare for at ein her vil bruke meir enn budsjett i 2026. Prognosen er p.t. om lag 1,5 million i meirforbruk på slik slamtømming. Dette er kostnader som vil være høge også i seinare år, slik at det er fare for vidare gebyrauke på dette området i 2027.

Rentenivået vi har observert i starten av året tyder på at kalkylerenta for 2026 kan bli langt høgare enn føresetnaden i budsjettet. Foreløpig prognose for NIBOR-rente, og dermed kalkylerente, er 0,7% høgare enn budsjettert. Kalkulatoriske renter vil av den grunn kunne bli 2,9 mill. høgare enn budsjettert for sjølvkostområdet for Vatn og 5,0 millionar for sjølvkostområdet for Avløp.

Gjennomgangen av VA-anlegg, med tanke på økt avskrivningstid, er no ferdig. Samla sett ga dette langt lågare avskrivningar enn før, men likevel om lag 1,1 millionar mindre reduksjon enn budsjettert. I tillegg er om lag 1,1 millionar i balanseførte anlegg blitt skrevet ned til null slik at ein på avskrivningar/nedskrivningar samla får ein kostnad på 2,1 millionar meir enn budsjettert.

Innbyggarservice

Lønnsbudsjettet ser ut til å gå i balanse. Ei 100% sjukmelding er ikkje erstatta, og det vil bli nokre ekstrautgifter i form av overtid og ekstrahjelp.

Andre kostnader er forventa å ende om lag som budsjettert. Dette er i hovudsak kostnader til programvarelisensar (Acos Websak med meir) og interkommunalt arkiv. Det er endringar i korleis nokre tenester skal konterast, så noko framstår som meirforbruk og noko som mindreforbruk.

Kalkulatoriske poster - sjølvkost

Inntektene på dette området er motposten til dei kalkulatoriske postane på sjølvkostområda. Rentenivået så langt i 2026 er langt over det som vart lagt til grunn i budsjettet. Slik prognosen for rentenivået er no vil dette bety 7,9 millionar meir i kalkulatoriske renter på Vatn og Avløp enn budsjettet. Dette fører til svakare resultat på Vatn og Avløp, men er ei meirinntekt her på Kalkulatoriske poster.

Gjennomgang av VA-anlegg opp mot dei nye avskrivingsreglane som trådde i kraft i 2026 er no gjennomført. Dette ga om lag 1 million i høgare avskrivningar enn budsjettet, samt 1,1 millionar i nedskrivningar av eldre anlegg. Totalt er det dermed 2,1 millionar i høgare avskrivningar som viser som meirinntekt her.

Totalt er det såleis sannsynleg med meirinntekter på 10 millionar på kalkulatoriske poster. Som ein vil sjå av prognosen for Vatn og Avløp fører dette til meirforbruk der.